



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Kommunar og fylkeskommunar

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/2665

17.06.2016

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016

Kulturdepartementet syner til rundskriv V-0994 *Orientering om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet til fordeling i 2017*. Vedlagt følger elektronisk eksemplar av V-0732 *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016*, heretter kalla føresegnene. Departementet vil ettersende eitt eksemplar av føresegnene når dei er ferdig trykte.

Føresegnene gjeld for søknader om tilskot og tildelingar i 2017.

Dei viktigaste endringane frå tidlegare føresegner er som følger:

- I tråd med endring i lov om pengespill m.v. (pengespilloven) av 28. august 1992 nr. 103 med seinare endringar, er den nye lovteksten teken med i føresegnene, jf. pkt. 1.2. Endringa gjeld fyrst og fremst fyrste punktum om fordeling av delar av overskotet til helse- og rehabiliteringsføremål.
- Det vert ikkje lenger ytt tilskot basert på verdien av gåver, jf. pkt. 2.2.1. Samstundes syner ein til at det frå og med tildelingsåret 2015 vart gjort likelydande endring for rabattar.
 - Følgande unnatak gjeld:
 - Søknader som var i formell orden ved behandling i søknadsåret 2016, med kostnadsoverslag medrekna verdien av gåver, kan fornyast på same kostnadsgrunnlag i komande søknadsrundar.
 - Tilsvarande galdt, og gjeld søknader med kostnadsoverslag medrekna verdien av rabattar, som var i formell orden seinast i søknadsåret 2014.

- Det er gjort endringar i særskilte tilskotssatsar for einskilde anlegg. Mellom anna er maksimale tilskotssatsar for symjebasseng auka som følger:
 - Type: opplæringsbasseng, 12,5 m x 8,5 m
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 4 500 000.
 - Type: treningsbasseng, 25,0 m x 12,5 m, seks baner, banebreidde 2 m
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 17 000 000.
 - Type: konkurransebasseng, 25,0 m x 15,5 m, seks baner, banebreidde 2,5 m
Tilskot: inntil 1/3 av godkjend kostnad, maksimalt kr 21 000 000.
- Føresegner for nærmiljøanlegg er revidert og det er gjort følgende endringar:
 - Definisjonen av nærmiljøanlegg, samt om krav til anlegget, er endra, jf. pkt. 3.1 og 3.2.
 - Maksimalt tilskot til ein anleggsstad (tidlegare 1 200 000) er fjerna.
 - Det er opna for rehabilitering av nærmiljøanlegg etter 10 år.

Det er elles gjort ei rekke mindre justeringar.

Endringar gjeldande for søknader med tildeling fyrst i 2018

Departementet ønsker å gjere kommunar og fylkeskommunar merksame på følgende som vil gjelde fyrst for neste søknadsår, det vil seie med tildelingar i 2018:

- Søkarar om tilskot må ha organisasjonsnummer for å søke frå og med søknadsåret 2017/2018 for tildeling i 2018.
- Departementet ber kommunane om å ikkje fastsette søknadsfrist i eigen kommune tidlegare enn **1. oktober 2017** for søknadsåret med tildelingar i 2018. Dette skuldast at ei ny løysing for søknadsskjema og støttesystem for saksbehandling er under utvikling. Denne løysinga er ikkje klar før medio 2017.

Ytterlegare eksemplar av føresegnene

Kommunar og fylkeskommunar kan bestille fleire papirversjonar av føresegnene på følgende måtar:

1. Bestilling via e-post.
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
2. Elektronisk bestillingsløsning.
Nettside: www.publikasjoner.dep.no

Føresegnene kan òg lastast ned via www.idrettsanlegg.no, under *Publikasjoner om idrettsanlegg*.

Informasjon om fristar for oppdatering av idrettsanleggsregisteret i 2017

Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader er grunnleggande for at søknadsordninga skal fungere etter føresetnadene. Ein må derfor halde anleggsregisteret oppdatert.

Kommunane har frist til 15. februar 2017 for oppdatering av registeret og rapportering til fylkeskommunen. Fylkeskommunen sin frist for rapportering vidare til departementet er 15. april 2017.

Med helsing

Per Kristian Aasmundstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Ole Fredriksen
avdelingsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

Kopi:

Det Frivillige Skyttervesen

Friluftsrådenes Landsforbund

Norges Bilsportforbund

Norges Fjellstyresamband

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité

Norges Jeger- og Fiskerforbund

Norsk Friluftsliv

Norsk Kennel Klub

Oslofjordens Friluftsråd

Samenes idrettsforbund-Norge/Sámiid Valáštallan Lihttu-Norga

Samisk Reinkappkjørerforbund/Sámi Heargevuodjin-lihttu